



Arkivnr: 2014/558-83
Saksbehandlar: Birte Markeseth Aasen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.09.2014
Fylkestinget		14.10.2014

Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Samandrag

Fylkestinget vedtok i 2007 mandat for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. Fylkesrådmannen ynskjer å integrere mandatet i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune. Av den grunn er utforminga av reglementet endra, og fylkesrådmannen legg derfor fram revidert reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.

Forslag til innstilling:

1. «Reglement for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne» vert integrert i Delegasjonsreglementet for Hordaland fylkeskommune.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Uttale til mandat i delegasjonsreglementet frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Fylkesrådmannen, 08.09.2014

Fylkestinget i Hordaland vedtok 16. oktober 2007 å oppretta eit råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov av 17. juni 2005 om råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

Rådet er eit fylkeskommunalt organ – eit forvaltningsorgan – der medlemar og varamedlemar vert oppnemnde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar til rådet. Funksjonstida for rådet er fire år og fylgjer fylkestingsperioden.

Rådet er eit samarbeids- og rådgjevande organ som arbeider på tvers av dei ulike sektorane. Rådet får seg førelagt alle saksdokument til utval og fylkesting.

Fylkestinget har gjeve rådet følgjande reglement/mandat:

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til fylkesplan og til fylkesdelplanar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram for rådet
- ta del i arbeid med planprogram og konsekvensutgreiingar etter plan- og bygningslova, som gjeld fylkeskommunal verksemd
- ta del i planprosessar vedkomande fylkeskommunale bygg (nybygg og ombygging)

Rådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd. Rådet skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

Rådet skal kvart år leggja fram for fylkestinget melding om verksemda si, jf. lova § 8 jfr. § 7.

Saker som særleg opptek rådet

- samarbeid på tvers av etatar, organ og organisasjonar
- tilgjenge – universell utforming innan transport, bygg og uteområde
- arbeidet med fylkesdelplan "Deltaking for alle – universell utforming"
- samferdsel - transportordninga for funksjonshemma
- utdanning – vidaregåande opplæring, vaksenopplæring, tilsynsordninga i vg. skule
- samarbeidet med kommunale råd og Statens råd for likestilling av funksjonshemmede

Forslag til reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne:

REGLEMENT FOR RÅDET FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innanfor sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget.

3 medlemmer bør veljast mellom medlemene i kultur- og ressursutvalet, opplærings- og helseutvalet og samferdselsutvalet med ein frå kvart utval.

4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde:

- *Gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett*
- *gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne*
- *gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram*
- *gi råd i alle saker som gjeld levkår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd*

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ikkje handsame saker som gjeld enkeltpersonar.

Årsmelding frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

b. Saker der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har avgjerdsmynde:

- *Saker som fylkeskommunale organ delegerer til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne.*

c. Saker der Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev tilråding:

- *Saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne.*

d. Fråsegner

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ.

3. Arbeidsform

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møter kvar i året.

4. Sakshandsaming

For Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld reglement for sakshandsaming så langt det passar.